

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
47/14	Plan- og miljøutvalet	PS	02.04.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Christian H. Reinhol	FA - T10, HistSak - 2013/2138	14/1912

Høyringsuttale - BKK 300 kV kraftline Mongstad-Kollsnes - søknad om konsesjon for massedeponi ved Mjåsundet

Vedlegg:

Oversendelsesbrev NVE - søknad om konsesjon
Søknad om konsesjon, ekspropriasjon og forhåndstiltredelse
Søknad om ekspropriasjon og førehandstiltreding
Vedlegg 12 deponi Mjåsund
MTA plan 9.1.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune ber om at det ikkje vert gjeve konsesjon til BKK Nett as til å etablere permanente massedeponi i tilknyting til landtaket for kraftleidninga Mongstad-Kollsnes over Lurefjorden. BKK må påleggjast å finne alternativ plassering for masseoverskotet for kraftleidningen og ein bør også søke etter alternative bruksområder for massane. BKK må gå i dialog med ulike potensielle mottakarar som kan nytte seg av dei ulike massane frå prosjektet. Det må settast krav om dokumentasjon på at ein har sett på ulike alternativ før ein eventuelt gjer løyve til å deponere massane i permanent deponi som vil gje store inngrep i landskapet i strandsona.

Plan- og miljøutvalet - 47/14

PM - behandling:

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 02.04.2014:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 02.04.2014:

Lindås kommune ber om at det ikkje vert gjeve konsesjon til BKK Nett as til å etablere permanente massedeponi i tilknyting til landtaket for kraftleidninga Mongstad-Kollsnes over Lurefjorden. BKK må påleggjast å finne alternativ plassering for masseoverskotet for kraftleidningen og ein bør også søke etter alternative bruksområder for massane. BKK må gå i dialog med ulike potensielle mottakarar som kan nyte seg av dei ulike massane frå prosjektet. Det må settast krav om dokumentasjon på at ein har sett på ulike alternativ før ein eventuelt gjer løyve til å deponere massane i permanent deponi som vil gje store inngrep i landskapet i strandsona.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

- Saka skal avgjera i Plan- og miljøutvalet


Bakgrunn

BKK Nett as har søkt om tilleggskonsesjon til deponi av overskuddsmasser ved Mjåsund i Lindås kommune, og denne søknaden er no sendt på høyring av NVE. Innanfor eit avgrensa areal i tilknyting til landtaket for sjøkabelen under Lurefjorden ynskjer BKK løyve til å plassere overskotsmassar frå kabelgrøfta. Dei foreløpige berekningane viser at ca. 3.800 m³ overskuddsmasse må fordelast. BKK ynskjer å deponere desse massane i området rundt landtaket og skissene under viser korleis BKK ser for seg å plassere massane.


Illustrasjon av korleis området kan verte sjåande ut:



Alternativ 1, to fyllinger på eit areal på om lag 8,3 daa:



Alternativ 2, ei fylling på om lag 6,6 daa:



Dei to ulike alternativa som vert trekt fram har ulike eigenskapar. I alternativ 1 vert overskotsmassane fordelt på eit større areal og ein får mindre skilnad i høgd i høve eksisterande terrenget. I alternativ 2 vert arealet som vert endra mindre, men ein får ein maksimal endring av høgda i terrenget på om lag 4,7 meter. Snitteikning for korleis dei ulike alternativa vil kunne sjå ut er vist i vedlegga til saka (vedlegg 12, deponi Mjåsund og MTA-plan s. 22-24). BKK ynskjer primært å samle

massane på ein stad og lage ein formasjon som i størst mogleg grad er tilpassa terrenget.

Grunngjevinga for at BKK no ynskjer å ha ei fast deponering av massane i området er at det kan vere vanskeleg å få levert overskotsmasser lokalt og at det knyt seg store kostnader til transporten av massane. Det er ikkje veg inn til området og massane må fraktast derifrå med båt.

Transportkostnadane er estimert til i overkant av 2,4 millioner kroner dersom dei siste berekningane av masseoverskotet er riktig. BKK har per i dag ikkje noko eigna mottak for massane og viser til at kostnadane knytt til å fjerne massane kan bli enno større.

Vurdering

BKK legg i saka til grunn at det kan bli opp i mot 3.800 m³ overskotsmassar i samband med islandføringa av kraftleidningen under Lurefjorden. Det er snakk om eit relativt stort masseoverskot, og BKK har lagt fram to alternativ der høvesvis 8,3 daa og 6,6 daa vert nytta til permanent deponi for desse massane. I alternativ 1 vert største høgda i høve eksisterande terregn 3 meter, medan alternativ 2 vil gje ei høgd på opp til 4,7 meter i høve eksisterande terregn. BKK peiker i søknaden på at dette er makshøgdar og at det kan vere mogleg å redusere desse dersom myra i området vert masseutskifta.

Administrasjonen ser at det framover er fleire ulike prosjekt som vil ha utfordringar knytt til plassering av overskotsmassar i Mongstadområdet. I tillegg til deponiet som BKK no søker om konsesjon for, er det store næringsområde på nordsida av Litlåsåsen som vil få store masseoverskot og etableringa av oljeledning på Johan Sverdrup vil føre med seg større masseoverskot som må handterast. Administrasjonen ser at det er eit behov for å sjå alle desse prosjekta i samanheng, for å kunne handtere desse massane på ein føremålstenleg måte og om mogleg utnytte massane som ein ressurs. Dersom dei ulike prosjekta ikkje vert sett i samanheng vil ein kunne ende opp med fleire større landskapsinngrep ulike stader i Mongstadregionen som samla sett vil kunne vorte unngått dersom ein hadde sett desse prosjekta i samanheng.

Når det gjeld overskotsmassane i Mjåsundet, ser administrasjonen argumentasjonen om at det vil vere kostbart å fjerne overskotsmassane frå området samanlikna med alternativet som er å deponere desse fast i nærlieken av landtaket. Administrasjonen meiner likevel at dei totale massane det er snakk om er av eit slikt omfang at resultatet vil vere eit stort og unødig inngrep i landskapet på tross av at det vert hevda at ein kan bruke landskapsarkitekt for å best mogleg tilpasse seg eksisterande terregn. Inngrepet vil kome i eit område som tidlegare er vurdert som verdifullt i høve både landskap og friluftsliv og administrasjonen kan ikkje sjå at kostnadane knytt til flytting av massane er av ein slik storleik at desse landskapsinngrepa kan forsvarast. Administrasjonen vil også peike på det strenge strandsonevernet som ligg til grunn i plan- og bygningslova og at dette tilseier at ein bør strekke seg langt for å unngå tiltak i slike områder som det her er snakk om.

Vidare vil administrasjonen peike på at ein bør sjå på overskotsmassar som ein ressurs som kan nyttast. BKK peiker på at dei ikkje har noko eigna mottak på landsida for overskotsmasser per i dag, men det vert ikkje trekt fram kva som er gjort i høve det å lokalisere eigna plassering for massane. Det er heller ikkje etter det administrasjonen kan sjå vurdert om massane kan nyttast til andre føremål enn rein deponering. Andre føremål kan til dømes vere om det er behov for utfylling i høve småbåthamner, slip, naustutbygging eller storhamn i området. Avhengig av kva type masser det er snakk om, vil det kunne vere ulike bruksområder for desse massane. Eksempelvis har det tidlegare vorte trekt fram frå politisk hald i kommunen at det er interesse for å etablere luftsportanlegg i området, utan at dette er fastsett i kommunedelplanen for området. Om dette skulle vere eit reelt alternativ, kan det tenkast at det kan vere behov for infrastruktur knytt til eit slikt anlegg der det kan vere aktuelt å nytte slike massar. Administrasjonen meiner at det må utgreiaast alternativ til rein

permanent deponering av massane for å kunne utnytte desse som ein ressurs.

Administrasjonen vil vidare peike på tryggleiksomsyn knytt til ei eventuell etablering av deponiet. Området er i dag nytta til friluftsliv, og det er særskilt viktig at massane vert sikra på ein forsvarleg måte dersom deponiet vert etablert. Det må sikrast at det vert gjort sikringstiltak mot både avrenning frå deponiet og at ein hindrar utglidningar. Det må sikrast at deponiet kan ferdast på av turgåarar i etterkant av utbygginga, også på lang sikt. Lurefjorden er elles eit sårbart område og det må sikrast at avrenning frå deponiet ikkje vert av ein slik art at det vil kunne påverke miljøet i fjorden. Spesielt sjøområdet nord for Mjåsundet har lita vassutkifting og kan vere utsatt for eventuell avrenning frå eit massedeponi. Administrasjonen viser til arbeidet med Vassområde Nordhordland og Vann-nett for meir informasjon knytt til dette.

Oppsummert meiner administrasjonen at BKK må påleggjast å finne alternativ plassering for masseoverskotet frå landtaket for kraftleidningen og at ein bør søke etter alternative bruksområder for massane. BKK bør gå i dialog med ulike potensielle mottakarar som kan nyte seg av dei ulike massane frå prosjektet. Det bør settast krav om dokumentasjon på at ein har sett på ulike alternativ før ein eventuelt gjer løyve til å deponere massane i permanent deponi som vil gje store inngrep i landskapet i strandsona.